



Arkivnr: 2016/5801-2
Saksbehandlar: Berit Roksvåg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		07.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

Internasjonaliseringsarbeid i vidaregåande opplæring - søknad om oppretting av utanlandsklasse i Skottland

Samandrag

Amalie Skram vidaregåande skole har søkt fylkeskommunen om å få koordinere ein utanlandsklasse på 20 elevar på Vg2 studiespesialiserande programområde i Midlothian i Skottland frå skuleåret 2017-18.

Det nye utdanningstilbodet er tenkt etter modell av HFK sine utanlandsklassar i Cardiff, Erfurt, Normandie og Missouri. Elevane skal rekrutterast frå heile Hordaland, og på sikt kan ein sjå føre seg å fordele elevane på fleire skular i Skottland. Førebels har Amalie Skram vgs vore i kontakt med St. David's High School i byen Dalkeith i regionen Midlothian, om lag 20 minutt frå Edinburgh. Under det offisielle besøket til Edinburgh i samband med juletreeninga i november 2015 blei det gjennom det norske generalkonsulatet oppretta kontakt med skulen St. David's High School. St. David's High School er ein integrert 8 – 13 skule med god kapasitet, og dei ønskjer å ta imot inntil 20 elevar frå Hordaland kvart skuleår.

Fylkesrådmannen er positiv til å gi Amalie Skram vgs i oppdrag å innleie eit samarbeid med St. David's High School med mål om å utarbeide eit utanlandstilbod for elevar i Hordaland. Fylkesrådmannen ser det som positivt at det blir utarbeidd nye og attraktive utdanningstilbod som vil vere med på å gi elevar frå Hordaland internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar, eitt av måla i den overordna internasjonale strategien for Hordaland fylkeskommune.

Tilbodet i Skottland vil ikkje bety auka utgifter for fylkeskommunen. Amalie Skram vgs vil dekkje utgiftene til ein koordinator for tilbodet innanfor tildelt budsjett. Amalie Skram vgs vil som koordinator skule for klassen i Skottland få tildelt ordinær elevsats for elevane som vil ta Vg2 i Skottland, og kostnadene for fylkeskommunen vil dermed ikkje vere større enn om elevane hadde tatt Vg2 i Hordaland. Dersom skulen i Skottland skulle krevje skulepengar for elevane, noko dei har sagt dei i utgangspunktet ikkje vil gjere, vil Amalie Skram kunne dekkje denne utgifta. Tilboda i utlandet gir rett til bortebruar- og reisestipend frå Lånekassa.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at Amalie Skram vgs saman med ressurspersonar i Midlothian, Skottland utarbeider planar for om mogeleg å opprette ein utanlandsklasse Vg2 studiespesialiserande programområde frå skuleåret 2017 – 2018.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.06.2016

Innleiing:

Amalie Skram videregående skole har søkt fylkeskommunen om å få koordinere ein utanlandsklasse på inntil 20 elevar på Vg2 studiespesialiserande programområde i Midlothian i Skottland frå skuleåret 2017-18. Klassen vil kunne bli enda eit nytt tilbod til elevar i Hordaland om å kunne ta ein del av den vidaregåande utdanninga i utlandet og er i samsvar med fylkeskommunen si internasjonale satsing som legg vekt på at ungdom skal få internasjonal kompetanse og erfaring.

Fylkeskommunen har allereie tilbod til elevar i Hordaland om å kunne ta heile Vg2 i Cardiff (Wales), i Normandie (Frankrike), i Erfurt (Tyskland) og i Missouri (USA). I tillegg har fylkeskommunen eit tilbod til elektroelevlar om å ta delar av Vg2 (oktober – mai) i Erfurt.

Hordaland fylkeskommune har tette band til Edinburgh og er i dag i særleg grad knytt opp mot arrangementa i samband med festivalen i Edinburgh før jul kvart år med konsert i St. Giles' Cathedral og tenning av juletre. Gjennom det norske generalkonsulatet fekk fylkeskommunen kontakt med St. David's High School i Dalkeith, om lag 20 minutt frå sentrum av Edinburgh. St. David's High School er ein katolsk skule som blei oppretta i 1948. Skulen har plass til rundt 1000 elevar, men har i dag om lag 800 elevar (8-13 skule). Skulen har tilgang til svømmebasseng og ein stor idrettshall, og skulen har god erfaring med utvekslingsselevar, også norske elevar. Skulen har eit godt samarbeid med universitet og høgskular i regionen og i Edinburgh.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at samarbeidet med Skottland finn nye samarbeidsarenaer. Under besøket i samband med juletretenninga i november 2015 sa den norske generalkonsulen David Windmill at dei ønskte at samarbeidet med Hordaland kunne utvikle seg på nye arenaer, som til dømes på utdanningsområdet.

Organisering og omfang:

Ordninga med å kunne ta Vg2 i Skottland vil innebere at inntil 20 elevar går på St. David's High School i eit heilt skuleår. Skuleåret vil telje som Vg2 i utdanningsprogram for studiespesialisering. Etter året i utlandet kjem elevane tilbake til norsk vidaregåande skule, og går inn i Vg3. Tilbodet i Midlothian er tenkt etter modell av "Hordalandsklassene" i Cardiff, Erfurt, Normandie og Missouri. Elevane er tenkt rekruttert frå heile Hordaland, og Amalie Skram vgs skal i første omgang samarbeide med skuleleiinga ved St. David's High School om å utvikle eit relevant utdanningstilbod. Elevane som vil få tilbodet, kan såleis gjennomføre den vidaregåande utdanninga på dei ordinære tre åra samstundes som dei skaffar seg verdifull internasjonal erfaring.

Første året ser ein føre seg å sende 10-15 elevar. Klassen vil bli administrert av Amalie Skram vgs som vil ha ein koordinator som får ansvaret for at elevane blir følgde opp fagleg og som tek ansvar ved eventuelle større problem eller alvorlege hendingar. Koordinatoren vil ha tett kontakt med samarbeidsskulen og med Opplæringsavdelinga. St. David's High School vil ha koordinatoransvaret i Skottland.

Det er tenkt at elevane skal bu i vertsfamiliar i nærleiken av skulen. Samarbeidsskulen skaffar vertsfamiliar og kvalitetssikrar familiarane. Elevane betaler vertsfamiliarane for husrom og mat. Den skotske skulen har eit godt organisert busstilbod slik at elevane vil kunne reise trygt mellom vertsfamilie og skule. Dersom tilbodet blir ein realitet, vil fylkeskommunen søkje Senter for internasjonalisering av utdanning om godkjenning av samarbeidsprogrammet slik at elevane kan få støtterett i Lånekassen for året i Skottland.

Pedagogisk innhald:

St. David's High School vil tilby fag som elevane kan byggje vidare på i Vg3 i Hordaland. Amalie Skram vgs og St. David's High School vil samarbeide om å hjelpe elevane til å velje fag og fagkombinasjonar som gjer at dei oppfyller krava innanfor studiespesialiserande programområde. For faga norsk og historie der delar av faga ligg på Vg2, men blir avslutta på Vg3, vil Amalie Skram vgs tilby undervisning gjennom samlingar og nettundervisning. Elevane vil bli følgde opp av faglærar og koordinator. Delar av denne undervisninga vil skje via besøk av faglærar til St. David's High School, og noko av undervisninga vil skje via digital oppfølging. Sjølv om elevane tek Vg2 i utlandet, vil dei ha tett kontakt med koordinatorsskulen i Hordaland gjennom heile skuleåret.

Økonomi:

Tilbudet i Skottland vil ikkje bety auka utgifter for fylkeskommunen. Amalie Skram vgs vil dekkje utgiftene til ein koordinator for tilbudet innanfor tildelt budsjett. Amalie Skram vgs vil som koordinatorskule for klassen i Skottland få tildelt ordinær elevsats for elevane som vil ta Vg2 i Skottland, og kostnadene for fylkeskommunen vil dermed ikkje vere større enn om elevane hadde tatt Vg2 i Hordaland. Dersom skulen i Skottland skulle krevje skulepengar for elevane, noko dei har sagt dei i utgangspunktet ikkje vil gjere, vil Amalie Skram kunne dekkje denne utgifta.

Tilboda i utlandet gir rett til bortebruar- og reisestipend frå Lånekassa og fører til eit minimum av ekstrautgifter. Elevane betaler for å bu på internat og/eller i vertsfamiliar og for transport. Dersom tilbudet om Vg2 i Skottland blir godkjent av SIU, vil dei første elevane kunne takast opp når støtterett frå Lånekassen er godkjend. Vi ser for oss at dette kan skje frå skuleåret 2017-18.